

# Veg i *Bild* Vest



BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I HORDALAND



VEGDIREKTORATET  
- 3 NOV 1980  
BIBLIOTEKET

# Veg i Vest

Nr. 3 1980 Årg. 4

**Redaktør:**  
Ragnhild Øverland  
Arnesen

**Redaksjonsråd:**  
Josef Martinsen  
Per S. Myhren  
Bjørn Langedal  
Konrad Ulvatn  
Asbjørn Berge  
Carlo Jacobsen

**Opplag: 2.000**

**Forsidebilde:**

Hagelsundet bru tek  
til å vise godt i  
landskapet. Bildet er  
teke frå Knarvik-  
sida.

(Foto: Vidar Arnesen).

**Lay-out, trykk  
og distribusjon:**  
Bergens Tidende/  
J.W. Eide,  
Bergen.

## INNHALD:

	Side
Informasjon .....	3
Vegsjefen har ordet .....	4
Merkedagar for vegvesenet .....	5
19 vegsjefar samla til møte .....	7
Planavdelinga på flyttefot .....	9
Grunntileigning .....	11
Biltilsynet i fremtiden .....	14
Byggjemøta — kva verdi har dei? .....	16
Brøyting i egen regi kontra entreprise .....	18
Mannskap til Holmestrand .....	20
Bør AMU få flere medlemmer? .....	21
Sysselettings situasjonen i vegvesenet .....	22
«Magnussens grøfter» .....	23
Vellykket auksjon i Rådalen .....	25
Tunnel-ekspertise fra Hordaland .....	26
Saklig samarbeid .....	27
Hva sa Bye i Førde? .....	29
Postvegen gjennom Lindås .....	31
Trafikkpedagog i Biltilsynet .....	32
Fra førerkortavdelingen .....	35
Biltilsynsfolk på skolebenken .....	35
Kursspalten .....	36
Transaksjonsanalyse .....	37
Må vi avhenda nokre av hyttene våre? .....	38
Den smale vegen — og den breie .....	40
Arbeidsmiljøspalten .....	41
Sjølvsjande salt på Osterøy-veg .....	42
Forslagsordningen .....	43
Tillitsmenn .....	43
Sport .....	44
Personalnytt .....	45
For 53 år siden .....	45
Minneord .....	46
Vi gratulerer .....	47

# Informasjon —

## *ei sak med mange sider*

*Kva for informasjon ønskjer vi å få? kva for informasjon ønskjer vi å gi? Kva for informasjon har vi plikt til å gi? Spørsmålet har vore aktuelt den siste tida i samband med det som har vore sagt og skrive omkring sysselsettingsproblema her i fylket. Ein kan leggje til endå eit spørsmål: kven skal gi informasjon, og korleis?*

*Kan informasjon verke på anna vis enn planlagt? Det kan vi svare eit klårt ja på. Det kjem an på kva for røynsler ein sjølv har frå før, og kva for påverknad ein er utsett for i den augneblinken ein tek imot informasjonen. Ut frå dette vil ein alltid velje korleis ein vil tolke informasjonen. Dersom informasjonen i tillegg kan verke negativ for ein sjølv, vil dette ha mykje å seie for korleis ein oppfattar informasjonstiltaket, måten det er gjort på, og ikkje minst den parten eller personen som kjem med informasjonen. Tolkingsvariasjonane kan altså vera mange.*

*Både sendar og mottakar kan i slike høve oppfatta den andre parten feil, det seier seg sjølv. Slikt skjer jamvel om både har dei ærlegaste tankar med det dei gjer. Her er det snakk om å kommunisera på samme plan. Det er ikkje lett, av di folk har så ulikt røynslegrunnlag.*

*Nokon vil alltid misoppfatta eller **ikkje** oppfatta, same kor klårt og enkelt ein søker å forme informasjonen. Dette er eit faktum ein må ta med.*

*Men sett at ingen informasjon vart send ut? Vi veit etter kvart litt om reaksjonar på manglande informasjon, og anten ein vil eller ikkje, må nok dei fleste vedgå at informasjon er naudsynt.*

*At informasjon vekkjer reaksjonar tyder i alle høve på at budskapen er nådd fram — slik skal det vera. Diskusjonen om **korleis** vi informerer vil vi — og må vi — aldri bli ferdige med. Her vil det alltid vera nytt å læra, frå sak til sak vil nye moment koma inn i biletet. Her ligg det ei utfordring for oss alle.*

*Red.*

# Syssesetningen - en oppsummering

I 1980 har vi ca. 40 mill. kroner mindre til riksveganleggene enn vi hadde i 1978. Fylket har også redusert bevilgningene til fylkesveganlegg. I tillegg har fylket i sommer av økonomiske grunner skåret ned vedlikeholdsbudsjettet med 4 mill. kroner og sperret ytterligere 11 mill. kroner på fylkesveganleggene.

Disse drastiske nedskjæringer har satt vår organisasjon på en hard prøve. Det er foretatt store endringer i våre langsiktige framdriftsplaner og det har vært meget vanskelig å holde alle i effektivt, meningsfylt arbeid uten å gå til oppsigelser. Så snart vi fikk signaler om nedskjæringerne innførte vi ansettelsesstopp. Innkjøp av arbeidsbesparende utstyr og maskiner ble stilt i bero eller utsatt. Vi har foretatt en drastisk reduksjon av arbeid som utføres av entreprenører og private maskineiere. Vi har utsatt anlegg som krever stor investering av midler i forhold til antall timeverk, og både i riks- og fylkesvegedlikeholdet er det satt av mest mulig til driftstiltak. Disse tiltak var likevel ikke nok til å unngå permisjoner eller oppsigelser, og vi søkte derfor om å få låne 14 mill. kroner fra riksveganlegg i andre fylker. Søknaden er nå innvilget. I tillegg har vi fått lånt ut en komplett tun-



nelrigg og over 20 tunnelarbeidere til Vestfold fylke for å slå en vegtunnel i Holmestrand.

Samferdselsministeren har også klart gitt uttrykk for at det ikke er aktuell politikk i dag å si opp fast tilsatte vegarbeidere, og at vegvesenet skal utføre sine oppgaver så rasjonelt og økonomisk som mulig. Jeg går derfor ut fra at vi neste år får ta opp de nødvendige bompengelån som er forutsatt i vår langtidsplan, og at vi i tillegg får låne nødvendige riksvegmidler i andre fylker, for å kunne gjennomføre en rasjonell og effektiv sysselsetting av våre tilsatte.

Til slutt kan det være grunn til å se på hvordan vi har mestret den uvante situasjonen vi har hatt med store reduksjoner i bevilgningene. La det med en gang være sagt at det er mye lettere å innstille seg på en økning av bevilgningene enn det motsatte. Vi må likevel kunne si at vår organisasjon har vært elastisk og har tilpasset seg de nye forhold relativt hurtig. Vi har hele tiden holdt alle i etaten underrettet om situasjonen, og vi har trolig derfor ikke fått så store reaksjoner mot hyppige flyttinger eller overflytting til Holmestrand. Gledelig var det å se den

*Forts. side 30*

# Merkedagar for vegvesenet og for samferdsla



*Eit sjeldant bilete. Den gamle Stalheimsvegen slyngar seg opp etter lia, medan den nye vegen smett inn i fjellet inne i dalen til venstre, og kjem ut nede i Nærøydalen på høgre sida. (Foto: Hofset, BA)*

Blant sommarens mange vegopningar vart opninga av den nye vegen forbi Stalheim den verkeleg store. Voss kommune stod for arrangementet, som markerte både opninga av den nye riksvegen med Sivle- og Stalheimstunnelane og opninga av ny, kommunal veg til Jordal.

Vegdirektør Karl Olsen, som no er blitt pensjonist, tok seg av den høgtidelege opninga, og til stades var for øvrig vår eigen vegsjef og vegsjef Værn frå Sogn og Fjordane, representantar frå dei to fylka, frå kommunar i Hordaland og Sogn

og Fjordane som har gjeve tilskott til Jordalsvegen, representantar frå landbruksstyresmaktene og forsvaret o.a.


I samband med vegopningane inviterte folk i Jordalen til samankomst i skulehuset, der dei trakterte samtlege med spekemat og rømme.

Masfjordvegen vart opna 9. juli med stort oppbod av folk, trass i all strid og diskusjon omkring vegen i tida like før sommaren (eller kanskje difor?) Fylkesvaraordførar Berge Sæberg klypte snora i eit strålende sommarver. Masfjordvegen bind no indre og ytre delar av Mas-

fjorden kommune saman, — med denne vegen er ein ny provins til landet lagt, som fylkesvaraordføraren sa.

Offisiell opning var det og for siste delen av riksveg 14 Bjørsvik — Vikanes den 9. juli. Her stod fylkesmann Lars Leiro for den offisielle opninga av vegen, som fekk ein «tjuvstart» med opninga av den lange Eikefet-tunnelen før påske i år. Det vart såleis ein merkedag for samferdsla i Nordhordland — og sjølv sagt for oss i vegvesenet.

Utan dei store overskriftene vart og



Vegsjefen får blomster av ei ung dame. Vi tippar det er den stolte fader, Ingvald Sandnes, som følgjer med til hægge. (Foto: OM)

den nye tunnelen i Måbødalen opna til ferien, det same gjeld tunnelen på E 68 øvst i Trengereiddalen og nokre kilometer ny veg på strekninga Ådland — Lauvskar i Samnanger.


Framleis står vi framføre eit par større vegopningar i Hordaland. 1. oktober fekk endeleg Vaksdal ny veg utanom den tetaste busetnaden, og 28. november står veganlegget med Arnanipatunnelen og ny veg mellom Ytre Arna — Indre Arna — Espeland for tur.



Fylkesmann Lars Leiro opna siste biten av den nye riksvegen ved Vikanes. (Foto: OM)

# 19 vegsjefar samla til møte i Ullensvang

***Tilhøvet vegsjef/samferdslesjef vart  
drøfta med fylkespolitikarar frå Hordaland***



*Josef Martinsen, avd.dir. Tor Norman Johansen og avtroppande vegdirektør Karl Olsen.*

*(Foto: Røa)*

Landets 19 vegsjefar hadde i år vald Hordaland som samlingsstad for sitt årvisse kontaktmøte innan «Vegsjefenes forening». Siste helga i august møttest noverande og tidlegare vegsjefar, to vegdirektørar og andre frå Vegdirektoratet og politikarar frå Hordaland fylke til møte i Lofthus for å drøfta saker av sams interesse.

Det er ikkje så ofte ein liten kommune

på Vestlandet har så mange vegsjefar samla på eitt brett, men ordføraren i Ullensvang, Thoralf Hesthamar tok innervingen på dei fleste med si tørrvittige og uhyre treffande orientering om kommunen og dei innfødte, ispekka små, velretta spark til andre kantar, ikkje minst til vegvesenet og vegsjefen i eit visst fylke.

Møtet vart opna fredag 29. august av formannen i Vegsjefenes forening,



*Styret i Vegsjefenes forening, frå v. Arne Inge Torvik, Møre og Romsdal, Herleiv Solberg, Troms og Arne Østgård, Hedmark.*

Herleiv Solberg (Troms), som særleg ønskte fylkets representantar velkomne til å drøfte hovudemnet for dagen, tilhøvet mellom fylkeskommunen og vegvesenet i handsaminga av samferdslesaker. Han helste vidare vegdirektør Karl Olsen velkomen som heidersgjest på siste arbeidsdagen hans, og den nye vegdirektøren, Eskild Jensen, som tok over frå 1. september. Fylkesvaraord-

*Den nye vegdirektøren, Eskild Jensen, i samtale med fylkesrådmann Nils T. Selvik.*



fører Berge Sæberg helste vegsjefane frå fylket si side, og tok samstundes opp Hordaland sine behov på vegsektoren.

### **Ansvarsdelinga**

Innleiinga til diskusjonen om kva for rolle vegvesenet har i samband med fylkeskommunens handsaming av samferdslesaker, og kva for tilhøve vi har til den fylkeskommunale administrasjonen og til politiske utval, vart halden av fylkesrådmann Nils T. Selvik og vegsjef Arne Østgård frå Hedmark. Østgård peika mellom anna på at det er trong for å klarleggja nærare ansvarsdelinga mellom vegsjef og samferdslesjef i fylka.

Ut frå det som vart sagt i innlegget og i diskusjonen som følgde, ser det ut til at det er i ferd med å byggje seg opp eit konkurransetilhøve mellom vegsjef og samferdslesjef i einskilde fylke. Fylkesrådmann Selvik sa likevel at samarbeidet mellom vegsjef og samferdslestyre fungerer bra i Hordaland, og at ein ikkje står i fåre for å byggje opp nokon «dobbelt-



kompetanse» på området, som Østgård åttvara sterkt mot i innlegget sitt.

Til møtet låg det og føre eit skriv frå Samferdsledepartementet om spørsmål-let. Dei same behov vart peika på her, utan at departementet fann tida inne til å endra på gjeldande instruks for Vegdirektoratet eller vegkontora ute i fylka.

Fylka har med tida fått mykje å seie i veg- og kommunikasjonssaker, men Selvik meinte likevel at fylket no bør få den endelege avgjerda når det gjeld fordeling av riksvegmidlane.

### Organisasjonsspørsmål

Organiseringa av Vegdirektoratet og arbeidsdelinga mellom direktoratet og vegkontora vart vidare teke opp til drøfting på møtet, etter ei kort innleiing av utredningssjef K. Haaland i Vegdirektoratet. Frå Vegdirektoratets side gjekk det fram at ein der sakna eit klårt engasjement frå fylka i denne sakan, medan vegsjefane på si side openbert er usikre på kva som vil komme ut av ei slik omorganisering, og kva for følgjer det vil få for organiseringa ved vegkontoret.

Saka er gått til Samferdsledepartementet, og ein var samde om at utspelet no må komme frå denne kanten.

Laurdagen fekk vegsjefane med fru-er nytte til ferjetur på Eidfjorden, synfaring på Sima Kraftverk og aureanlegget i Sima, medan ein om ettermiddagen m.a. tok opp til drøfting spørsmål i samband med Norsk Vegplan, vegvesenets engasjement i byar og tettstader og oppgåvene i Biltilsynet.

Som ein kuriositet kan vi nemna at det var vegsjef Martinsen sjølv som sytte for å transporterera fleire av gjestene sine frå Flesland til Lofthus og tilbake att. Han tok køyresetel for minibuss dagen før. Det gjekk bra, sjølv om han ikkje hadde sete bak rattet i ein slik buss før, etter det han fortalde.

Røa.

# Planavdelinga på flyttefot

## Får kontorlandskap i Vesta-bygget

Etter at trafikkavdelinga vart nedlagt i 1979, har dei som driv med planlegging på Vegkontoret vore spreidde på fire ulike stader. Storparten av planavdelinga har halde til i Strandgt. 221, men med filialar i C. Sundtsgt. 64 og Strandgt. 209. Den såkalla motorvegavdelinga som driv planlegging innan dei sentrale delane av Bergen kommune har halde til i Helleveien (eg hadde nær sagt: naturligvis!).

Arbeidstilhøva og ikkje minst samarbeidstilhøva har vore svært vanskelege med ei slik spreidd plassering. Det var bakgrunnen for at ein i vår tok til å sjå seg om etter nye lokale som var store nok til at både plan- og motorvegavdelinga kunne få plass.

Etter å ha vurdert fleire alternativ vart det semje om å leige 700 m<sup>2</sup> i Vesta-bygget i Fyllingsdalen (ved Oasen). Dette er ei mellombels ordning fram til

Lars Juvik i full flyttesjau. (Foto: JOS)





*Her skal skapet (eller veggene?) stå, slår Roar Østerbø fast. Saman med Willy Karlsen har han stått for organiseringa av kontorlandskapet. (Foto: JOS)*

Vegkontoret sitt nybygg i Fyllingsdalen står ferdig.

Det arealet som Vegkontoret har leigt, er — på same måten som resten av bygget — kontorlandskap. Planleggjarane våre får såleis prøve denne utskjelte kontorforma i praksis før dei flytter til «celle»-kontor i nybygget.

Flyttinga skjedde 12. og 13. september, og i samsvar med det som har vorte praksis dei siste åra, er det bedriftsrettsslaget vårt som får seg nokre velfortente kroner for flyttejobben.

### **Ny organisering**

I desse POU-tider var det naturleg å sjå på organiseringa av planarbeidet samstundes med at alle planfunksjonane vert samla under eitt tak.

Dette har gitt følgjande resultat: Mo-

torvegavdelinga og Seksjon for grunnervert lagt under plansjefen. (For Seksjon for grunnervert vil det bli ei overgangsordning sidan dei vil bli sitjande på Nordnes til nybygget er ferdig.) Betongseksjonen på plan vert ført over til anlegg og blir verande i C. Sundtsgt. 64.

Den nye planavdelinga vert organisert på følgjande måte:


Under plansjefen får vi ein stabsseksjon leia av Kristen Oen, som òg vert nestkommanderande, og vidare fire geografiske distrikt med kvar sin leiar.

Det største distriktet når det gjeld planar og folk blir Midtre distrikt, som skal leiast av Arild Eggen. Magnus Follevåg vert leiar for Nordre distrikt, Arnfinn Ansok for Indre distrikt og Knut G. Narum for Søndre distrikt. Vidare vert det ein Trafikkseksjon med Inge Alsaker som

leiar, og som nemnt på lengre sikt, Seksjon for grunnnerv, som naturlegvis framleis vil verta leia av Odd G. Eriksen.

Distriktsinndelinga på Plan vil nå vera omlag den same som Anlegg og Vedlikehald har.

P. S. Myhren



# Grunntileigning — oftast ein smertefri prosess

*Langt dei fleste sakene blir løyst ved minnelege avtaler, fortel leiar for grunnseksjonen, Odd G. Eriksen*

Dei fleste er klår over at vegvesenet i mange høve må gå inn på folks eigedom når det skal byggjast nye vegar eller når eldre vegar skal utbedrast. Mange utanfor etaten ser vegvesenet nesten som ein trugande fare, eit «vesen» som tek seg til rette der det måtte høve, utan at folk har noko dei skulle ha sagt. Rett så ille er det ikkje, det veit vi innan etaten, men veit vi så mykje meir? Kva for oppgåver har eigentleg dei som jobbar på grunnseksjonen, og korleis kan dei løyse dei? «Veg i Vest» har spurd leiar for grunnseksjonen, Odd G. Eriksen:

— Oppgåva vår er å skaffe grunn til bygging av vegar, utføre oppmåling av areal som går med, betale ut erstatnin-



Odd G. Eriksen, leiar for grunnseksjonen.  
(Foto: Røa)

gar og samstundes finne ei tilfredsstillande løysing for dei som vert råka av vegprosjektet.

— Når kjem grunnskseksjonen inn i bilettet?

— Det er noko forskjellig, men dersom planavdelinga har grunneigarmøte, blir vi med allereide då. Særleg når det gjeld landbrukseigedomar freistar vi å få oversikt over kva for problem grunneigarane kan få i samband med vegprosjektet. Når så godkjend plan ligg føre, er det vi som sender varsel om dette til grunneigaren, og det er vi som førebur klagehandsaminga.

— Kjem det mange klager?

— Det kjem an på kor mykje strid det er om prosjektet. Der vegstandarden er dårleg, ser folk oftast at vegarbeidet er naudsynt, medan interessa er mindre der folk tykkjer vegen er god nok frå før.

Elles kjem det an på kor på eigedomen vegen skal gå — om det vert nær hus og tun eller i utkanten av eigedomen.

Men før saka kjem så langt, har allereide planleggjaren prøvd å innarbeide i planen dei merknadene som er komne inn, så langt det er mogeleg. Når planen er godkjend, har folk høve til å klage på planløysinga og på saksbehandlinga.

### **Oftast minneleg avtale**

— Utgangspunktet vårt er i alle høve å forhandle om minneleg ordning. Går ikkje dette, blir det oreigning av den grunnen som er naudsynt med heimel i veglova.

Oftast går det ganske greit, meiner Eriksen. I Hordaland blir om lag 600 grunneigarar kvart år råka av vegbygging og -utbedring. Maksimalt har 25 prosent av sakene måtta løysast ved orientering, resten er løyst ved minneleg avtale. Dei fleste er innstilde på å forhandle, og ofte er det relativt enkle løysingar som skal til

for at folk skal bli tilfreds, fortel Odd Eriksen.

— Vil det seie at vegvesenet ikkje er det monstret ein av og til kan få inntrykk av?

— Det er ikkje mange som må gå frå hus og heim på grunn av vegbygging i Hordaland. Utanom motorvegprosjekta går toppen 1-2 hus med i løpet av eit år, peiker Eriksen på. — På den relativt lange strekninga mellom Orfallet — Indre Arna — Espeland gjekk det t.d. berre to hus med.

Tilhøva blir diverre litt andre når det er snakk om dei nye motorvegane ved Bergen. Her må ein del bustader gå med.

### **Lik behandling**

— «Motorveg» er elles eit betent ord, som gjer det vanskeleg å nå fram, fortel Eriksen. — Svært få veit at omgrepet eigentleg går på avkøyrsløshøve, kryssutforming o.a., og ikkje inneber at det må bli «trafikkmaskin» av det. Det som tel, er den funksjonen vegen har.

I desse sakene er det elles kommunen som er såkalla saksøskar ovanfor grunneigarane, for dei blir fremja som reguleringsplanar. I slike høve, med mange partar, innfløkte problem og mange grensetilfelle, er det mest tenleg med ekspropriasjonsskjøn direkte. Då risikerer vi ikkje å behandle partane ulikt.

— Kva er eit skjøn?

— Dersom partane ikkje er samde om korleis ein skal gjere opp mellom seg, skal saka avgjerast av ein skjønnsrett, som vert halden av herads- eller byretten. Skjønnsretten består av formann, som oftast er sorenskrivar eller byrettsdommar, og 4 skjønsmenn som er lekfolk. Dei skal fastsetje kva for erstatning vedkomande grunneigar har krav på. Er det behov for det, kan det og verta oppnemnd sakkunnige til hjelp for desse.

Det største vegskjønnet i Hordaland galdt nordre innfartsåre og vart halde i



Faktum er at svært få må gå fra hus og heim på grunn av vegbygging i Hordaland.

(Foto: V. Arnesen)

vår, fortel Eriksen. Her var 85 saksøkte på om lag 6 km veg mellom Eidsvåg og Vågsbotn.

### Erstatning

Både når det gjeld søndre og nordre innfartsåre til Bergen, har ein samarbeidd med kommunen om å skaffe erstatnings-tomter. Ein har kunna skaffe folk tomter i regulerte felt på Bønes, Flaktveit og i Haukedalen — Morvik, og sjølv utanom regulert felt har det lukkast å skaffe nokre tomter. Byggje nye hus for folk, det kan ikkje vegvesenet gjera, som nokon trur, men vegkontoret har betalt ut forskot på huserstatningar, slik at ein kan kome i gang og byggje nytt.

Også andre høve enn tap av hus og grunn kan gje erstatning. M.a. skal støyulempet takast med i vurderinga, men berre dersom nokon har *ekstra* ulemper i høve til alle grannane, kan erstatning vurderast. I utgangspunktet må folk vente at det kan bli bygd støyfylte tra-

fikkårer nær ein større by, så det at vegen kjem, gir ikkje automatisk rett til erstatning.

— Det finst dessutan visse vilkår for å oppnå ulempererstatning, viser Eriksen til. — Første vilkår er at ein er direkte rørt av vegprosjektet, vidare må det vera årsakssamanheng mellom sjølv inngrepet og den ulempen ein får av det, og dessutan må ein ha eit økonomisk tap.

### Folk stort sett nøgde

— Kor stor del av vegkostnadene går til eigedomserstatningar?

— Generelt går vel om lag 3.5 prosent av anleggsløyvingane til dette, men det avhenger sjølvsagt noko av kor den nye vegen går. Avkøyrslar går naturleg inn i anleggskostnadene.

Dersom ein avkøyrslar må stengjast, har vegvesenet derimot ikkje plikt til å gjere anna enn å byggje ny avkøyrslar frå vegkanten til terrenget. Inne på grunneigaren sin tomt må han sjølv syta for all omlegging.

# Bitilsynet i fremtiden

## *Bitilsynets generelle politikk og personalpolitikk drøftet på fellesmøte på Stord*

Kontaktutvalget for Bitilsynet i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane kunne 5. og 6. september invitere til fellesmøte på Stord. Møtet var det sjette i rekken og samlet totalt nær 100 deltakere fra de tre fylkene, fra vegkontorene og fra Vegdirektoratet.

Programmet for møtet var lagt opp med henblikk på det som skal skje i bitilsynet i tiden fremover, både utad og innad. Dermed var det lagt vekt både på bitilsynets generelle politikk og på den fremtidige personalpolitikk.

### **Tillitsmansordning**

Med tanke på det siste, hadde man fått med seg hovedtillitsmann og hovedverneombud fra Hordaland Vegkontor, herrene Aga og Lund, som orienterte om tillitsmansordningen og pekte på felter



*Direktør for vegtrafikkavdelingen i Vegdirektoratet, Aksel Bruun, flankert av H. Heldal og B. Sætervik (t.h.), som var møteledere.*

*(Foto: Røa)*

der bitilsynets ansatte kan dra nytte av et bedre utbygd tillitsmannsapparat. Bruk av EDB i bitilsynet ble blant annet nevnt som et område der en burde ha en rammeavtale.

Eriksen vedgår at praksis her kan verka lite tiltalende. — Rettspraksis er svært restriktiv her i dag, men vi veit at endringar er på trappene. Av omsyn til publikum prøver vi å vera litt meir lempelege, fortel han. — Elles kan det lett gå ut over tilhøvet til publikum generelt.

— Kjem folk godt eller dårleg ut? Kva meiner dei sjølv?

— For det meste inngår vi minnelege avtaler. I slike avtaler er det ein føresetnad at begge parter aksepterer løysinga, og då er vel begge nokonlunde nøgde! Eg trur det er viktig at folk ikkje føler at dei blir utsett for forskjellsbehandling — då trur eg og at dei fleste meiner dei kjem akseptabelt ut.

— Har du døme på kva for prisar som vert nytta i erstatningssaker i dag?

— Dette varierer litt. For jordbruksland der marginal bruksverdi er lagt til grunn reknar vi 6-10 kroner pr. kvadratmeter, for beitemark 4-5 kroner og for skogsmark vert det betalt frå 1,50 til 2,50, avhengig av bonitet. For bustadtomter med opparbeidd hage kjem ein opp i 15-35 kroner, inklusive planter, og for ein råtomt frå 8-15 kroner. Det siste er avhengig av etterspurnaden.

Godt eller dårleg?

Sjølv vil Eriksen ikkje ut med kva syn han har på dette.

*Røa.*

Biltilsynet har ingen fullgod tillitsmannsordning i dag, og i debatten etter gruppearbeidet gikk det tydelig fram at man ser både positivt og negativt på saken blant de ansatte i biltilsynet.

### Langtidsplan

Stor nytte hadde nok de fleste av foredraget som direktøren for vegtrafikkavdelingen i Vegdirektoratet, Aksel Bruun, holdt lørdag. Bruun tok for seg utkastet til langtidsplan for Biltilsynet, som forelå i august og skal behandles på et møte mellom biltilsynssjefene i september, og han ba om direkte reaksjoner på det — noe han også fikk.

Hovedmålsettingen for Biltilsynet vil fortsatt gå på trafiksikkerhet, men vi blir også mer og mer engasjert i miljøsaker, energisaker og ulike transportspørsmål, sa Bruun.

### EDB gir muligheter

Produktiviteten i Biltilsynet, sett i forhold til antall kjøretøy, er god, mente Bruun, men pekte på at arbeidet i forbindelse med registreringsaker og forsikring kre-

ver for store ressurser. — Det krever omlag halvparten av Biltilsynets arbeidskraft, blant annet på grunn av mangel på moderne hjelpemidler, mens andelen burde vært ca. en tredjedel, mente Bruun. Problemet skal løses etter hvert ved hjelp av EDB og ved naturlig avgang.

Bruun pekte på hvilke muligheter bruk av EDB kan gi i Biltilsynet, men understreket at stasjonene selv må vurdere sine egne behov. — Vi har lagt stor vekt på opplæring for den som skal arbeide med dette, sa Bruun, — for brukeren må ta del i beslutningen, og da er det nødvendig å lære noe om det først.

### Trafikkopplæring

Når det gjaldt opplæring av trafikantene, pekte Bruun blant annet på behovet for bedre opplæring av førere av tyngre kjøretøy for å få ned skadefrekvens og skadestørrelse. Bruun kunne tenke seg at yrkesskolene burde ta den teoretiske og formelle delen av opplæringen, mens sjåførskolene kunne ta det som har med behandling av kjøretøyet å gjøre.

*Kontaktutvalget for Biltilsynet i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Nummer 3 og 4 fra venstre er Hordalands representanter i utvalget, Halvor Heldal og Åse Knudsen.*



For at trafikkundervisningen i skolene skal bli tatt mer alvorlig, kastet han også fram tanken om at elevene bør kunne få en form for førerkortutdannelse innen skoleverket. — Den videregående skolen kan ta den teoretiske delen, kjøreskolene den praktiske, og Biltilsynet må kunne koordinere det hele, framholdt Bruun. Han våget seg også frampå med et forslag om — under visse betingelser — å senke alderen for førerkort for bil til 16 år. — Jeg tror det har noe for seg. Jeg tror blant annet det kan dempe presset for å få motorsykkkel, som jo er svært ulykkesbelastet, sa Bruun. — Jeg tror det vil ha en positiv effekt i trafikksikkerhetsarbeidet, forutsatt at de unge får en meget grundig opplæring. En kan muligens følge opp sikkerheten ved visse restriksjoner, som f.eks. kjøreforbud om natten, for å unngå lørdagsfyllekjøring etc.

### **Informativ funksjon**

Direktør Bruun vurderte videre muligheten for en videreutvikling av fase II-opplæringen og en forenkling av selve førerprøven, f.eks. ved at eleven får et bestemt emne: bakkestart, rygging el.l.

Han understreket at Biltilsynet under alle omstendigheter skal ha som mål å fungere informativt og ha et positivt forhold til trafikanten. Under diskusjonen etter Bruuns innlegg kom det fram en del interessante og nyanserte synspunkter på Bruuns forslag, noe han ikke minst selv reagerte svært positivt på og noterte seg.

Siste møtedagen kom man også inn på POU-arbeidet og problemene omkring kommunikasjon, mennesket i arbeidssituasjonen og innenfor ens organisasjon og til sist lederforhold. Konsulent Anni Birkeland stod for et forfriskende og tankevekkende innslag her. Tradisjonen tro ble fellesmøtet avsluttet med en mer selskapeleg programdel lørdag kveld.

*Røa.*

## **ORDET FRITT**

# **Byggjemøta** —

Etter å ha vore med på nokre byggjemøte (som tillitsmann) på to anlegg, har eg reagert og må stille spørjeteikn ved kva verdi slike møte har.

### **Synfaring**

Byggjemøtet tek til etter at anleggsleiinga pluss ein eller fleire frå Vegkontoret har vore på synfaring på anlegget. Synfaringa blir vanlegvis halden før middag, medan sjølve møtet blir halde etter middag og ofte varer dagen ut.

Til stades på eit slikt møte er gjerne 10-12-14 personar. Av desse er maksimalt 2 verneombod og 2 tillitsmenn. Anleggsstyraren er møteleiar og sekretær.

### **Merknader**

Møtet opnar. Første punkt på sakslista er unnagjort i og med synfaringa. Punkt 2 er merknader til referat frå møtet. (Dette er utsend tidlegare). Som oftast er det ikkje det.

Om ein av verneomboda eller tillitsmennene kjem med spørsmål eller merknad, så vert det gjeve eit enkelt svar eller ei lett forklaring. Og i referatet kjem det til å stå (eller står det allerede?) «godkjend utan merknader». Deretter går ein over til å referere kva som har skjedd sidan førre møtet.

### **Vidare drift**

Neste post på sakslista er vidare drift. Her vert det stort sett anleggsleiar og oppsynsman som drøftar opplegget — som vel stort sett er i tråd med tidlegare utarbeidde planar. Vi som møter som tillitsvalde har ikkje alltid det same synet



# kva verdi har dei?

AV KONRAD ULVATN

som leiinga i eitt og alt når det gjeld drifta vidare. Det kan vera konkrete ting vi peiker på, som vi meiner kan gjerast annleis og betre. Det kan vera disponering av maskinane — for ikkje å nemna innleige. Vi meiner ikkje, og tror ikkje, at vi har rett i alt vi kjem med, men vi hadde von om at våre tankar og syn kunne ha blitt vurdert på linje med det som er planlagt. Eg er overtydd om at det mange gongar kunne ha blitt til vinning for oss alle om vi fekk nå frem med synspunkta våre. Diverre er det svært lite forståing å få. Ein oppfattar det vel snarast slik at «dette er ikkje dykkar bord».

## Økonomi

På sakslista kjem ein over til posten «Økonomi». Den fortel kor mykje pengar som er brukt på anlegget og kva som var planlagt å nytte. Differansen er ikkje så stor alltid, så det ser jo bra ut. Om arbeidet er kome så langt som planlagt, er vel ikkje alltid så lett å finne ut av.

## Prosessrekneskap

Vidare har vi prosessrekneskap. Dei tal og beløp som kjem fram her har sin bakgrunn i prosessføringa. Og kven fører prosessane? Vidare vert dette materialet lagt til grunn når ein t.d. skal kjøpe inn nytt utstyr, eller det kan brukast for å vurdere om vi skal drive eit arbeid sjølv eller leige inn private.

Ja, nå er alle ledd så stø på korleis dette skal gjerast at vi kan rekna med at det blir rett. For er det ikkje det, så kan det bli gjort alvorlege feil i viktige saker.

Når ein tillitsmann eller eit verneombud stiller spørsmål til denne rekneskapen, så hender det at der på byggjemøtet er ein person som spesielt tar seg av å svara på slike spørsmål. Det virkar av og til mest som dei tillitsvalde møter ein godt budd forsvarsmur.

## Verneombod/tillitsmann

Vi kjem til punktet verneombod og tillitsmann. Frå nokon vert det gjort merknad om — og det er fint at det er registret — at dei to ikkje har noko spesielt å nemna. Til det vil eg peike på at aktuelle saker ventar ein ikkje med til eit byggjemøte, og dernest kjem det vel og an på kor mykje referenten på møtet tek med. Referatet er jo byggjemøtets ansikt utad.

Eg trudde at eit byggjemøte skulle vera eit samarbeidsforum, der også våre meiningar og tankar om arbeid og drift kunne bli høyrte. Slik føler eg det diverre ikkje. Det ser ut til at ein har lagt seg til en temmeleg fast rutine der, og det arbeidsopplegget som leiinga åleine har sydd saman *skal* ein følgje.

## Ikkje godt nok

Av denne grunn stiller eg spørjeteikn ved byggjemøta i den forma dei har no. (Eg reknar med at møteforma slik eg har opplevd ho er den mest vanlege.) Eg er sikker på at møtet kunne ha vore eit både nyttig og viktig forum, men det vi er inne på i dag er vi ikkje særleg tent med. Ti — fjorten personar sit rundt eit bord i time etter time, mange av dei er tause og tek ikkje del i debatten. Vi som er tillitsmenn og verneombud føler og ser at

# Brøyting i egen regi kontra entre

I et innlegg (ViV 2/80) tar hovedverneombud Herman Lund opp spørsmålet om vegvesenet skal utføre snøbrøytingen selv eller sette dette arbeidet bort til private lastebileiere. Han kritiserer den linje vegvesenet fører i dag og hevder at ledelsen ved å øke den private andelen omgår arbeidsmiljøloven.

Siden slike oppfatninger savner reelt grunnlag, vil vi gjerne få komme med noen opplysninger i sakens anledning.

Først litt om det faktiske størrelsesforholdet mellom egen og privat innsats. Lund hevder at bare 4,6% av brøytingen gikk i egen regi siste vinter, uten å angi hvilke enheter dette er regnet i. Det er mulig at han legger veglengde til grunn, i så fall med det originale resultat at veger

i kyststrøk får samme vekt som høyfjellsveger og veger med stor trafikk samme betydning som veger med liten trafikk. Det er mer vanlig å ta utgangspunkt i brøytearbeidet (enhet: brøytekilometer), selv om en da ikke fanger opp det forhold at gjennombrøytingstiden, og dermed ressursanvendelsen pr. brøytekm., varierer mellom strekninger med ulik vegstandard. Men skal en som her sammenligne egen og privat innsats, er det mest nærliggende å jevnføre kostnadene direkte.

Nedenfor er brøyteutgiftene ført opp samlet for riks- og fylkesvegene i Hordaland (unntatt den del av Bergen som kommunen er overlatt ansvaret for) i de tre siste årene.

Tabell:

Brøyteutgifter i kr. sum riks- og fylkesveger  
(Brøyting med bil og høvel) (prosess 91), ekskl. plog)

	1977	1978	1979
Total brøyteutgift	2.959.000	3.501.000	4.546.000
Derav egen regi	1.282.000	1.436.000	1.421.000
Egen regi andel i %	43	41	31

vi ikkje har nokon gjennomslagskraft for meiningane våre. Det som blir drøfta på møtet veit folka frå vegkontoret og anleggsleiinga stort sett før dei går på møtet. I alle fall er det unødvendig for dei med eit slikt opplegg for å få greie på ulike saker. Når dei og føler seg programforpliktta til (slik verkar det) å følgje dette systemet og den faste rutinen, slik at dei ikkje kan vera opne for andre mei-

ningar, så har ikkje byggjemøtet den ringaste verdi.

Til slutt: Skal eit byggjemøte ha verdi, så må vi mellom anna få vera med på planlegging av arbeid og drift. For at dette skal skje, må vi vera merksame på det systemet vi er komne inn i og visa vilje og forståing for å gjere det betre. Slik det fungerer i dag, er det ikkje godt nok.

Som en ser har utgiften til brøyting i egen regi holdt seg noenlunde stabil i de to siste årene, mens egenregiandelen har gått tilbake. Den store økningen av utgiftene i 1979 (som falt innenfor pris-/lønnstopperioden) skyldes trolig den snørike vinteren i ytre strøk, der nesten all brøyting utføres av private.

I den siste perioden gikk noen brøyteroder over fra egen til privat brøyting. Vårt eget bilmateriell ble satt til relativt sett mer lønnsom kjøring, og ingen sjåfør mistet følgelig sin arbeidsplass. Dette skjedde i samme tidsrom som vi skar betydelig ned på vårt totale kjøp av private tjenester (entrepriser og innleie av maskiner og biler) som en følge av reduserte bevilgninger. Sett fra entreprenørenes synsvinkel ble vegvesenet et atskillig mindre marked enn før, mens det fra Lunds synsvinkel skjedde det utilbørlige at noen av bilene våre fikk andre vinteroppdrag enn det som hadde vært vanlig.

Ledelsen er pålagt å løse oppgavene på den mest effektive og økonomiske måten. Dette peker klart i retning av å foreta lønnsomme tilpasninger av vår egen lastebil drift. Men vi må føye til overfor Lund at kortsiktige kostnadsvurderinger ikke er det eneste grunnlaget for arbeidsopplegget. For eks. er arbeidsmiljøstandarden i vegvesenet for tiden antakelig høyere enn i mange private bedrifter i bransjen, og her er det vår linje at dette isolert sett ikke skal føre til lavere egenregiandel. Andre vurderinger er knyttet til beredskap, sunn konkurranse, faglig innsikt m.fl.

Når det gjelder endringene i brøyteopplegget til mer kontraktkjøring, har

dette vært økonomisk fordelaktig *ut over det som kan forklares ut fra en mulig forskjellig arbeidsmiljøstandard.* Det gjelder slik prisene er i dag. Den private brøyting blir også dyrere og forskyvninger kan skje i den ene eller andre retning avhengig av kostnadsutviklingen.

I en tid med synkende bevilgninger bør vi ellers være klar over at arbeidsmiljøloven koster store beløp. Det som gir størst utslag er ikke utgiftene til et bedre fysisk arbeidsmiljø, men de omkostninger som er knyttet nettopp til beredskapstjeneste (femtedelsregelen) og dessuten kompensasjon for spisepause der spiseroommet ikke er tilfredsstillende. Det er klart at i den grad andre i bransjen kan spare noe her, styrker de sin stilling.

Ved siden av at Lund tar avgjørende feil når det gjelder kostnadsforskjellen mellom egen og privat brøyting, er det dessuten vanskelig å finne sammenhengen i argumentene hans. For hvis det er så stor ekstra belastning for den enkelte å ha brøyteberedskap (og kompensasjonen som arbeidsmiljøloven stiller krav om er uttrykk for det), hvorfor nærmest kriminaliserer Lund oss da for å gi sjåførene våre andre oppgaver og dermed lette byrden? En viss logikk blir det hvis Lund mener at vegvesenet skal overta alt arbeid i egen regi uansett hva det koster. Men da kan vel dette sies rett ut uten å argumentere den tungvinte vegen om arbeidsmiljøloven?

Lund foreslår ellers at vi må si fra til de bevilgende myndigheter hvis ikke bevilgningene strekker til. Det kan her opplyses at dette spørsmålet er behandlet

# Mannskap til Holmestrand

AV JOHN HELLE

Til 20 stillingar i Holmestrand var det over 60 søkjarar, er det blitt opplyst — sjølv om det på søknadsskjemaet til vegvesenet var teke med ein «skremmeparagraf» om at dei som vart tilsett måtte rekne med å vera der i 2 år, noko vi må setje eit spørjeteikn ved. Men ein skulle då gå ut frå at dei som søkte meinte det alvorleg.

Grappa som skulle ta ut folk til denne jobben, hadde med vår representant frå fagforbundet. Han skulle kjenne folka og skulle sjå til at alt blei gjort på ein mest mogleg rettfærdig måte (trodde vi).

På tidlegare spørsmål til H. Lund fekk vi stadfesta at dersom det var fleire søkjarar til dei ulike jobbane, så måtte ansienniteten nyttast som rettesnor når kvalifikasjonane elles var like. Men kva opplever vi? Jo, representantene våre er med på å godkjenne ei liste der både

nokså nyttilsette i etaten og ferske i den spesielle jobben er med. I tillegg har dei trukke inn folk som allerede har fått permisjon fordi der er lite tunnelarbeid og som er blant dei seinast tilsette i tunneldrifta. Dette har skjedd trass i at der var søkjarar med lengre røynsle og mykje lengre ansiennitet innan etaten på lista.

